## Lemaitre til Festidalen

20.02.2014

**Festidalen er stolte av å kunne presentere Lemaitre som neste band på plakaten. Ketil Jansen og Ulrik Denizou Lund fråOslo har laga fengande elektronika sidan 2010 og på kort tid oppnådd høg statusblant musikkinteresserte i inn- og utland. Radio elskar Lemaitre og det er ikkje rart når ein høyrer songar som Time to realice og Cut to black.**

Med om lag 5 millionar «views» på YouTube og ei mengd fans på sosiale medium seier det mykje om bandet sin popularitet. Nyleg valdei kkje ukjende Apple å nytte seg av Lemaitre når dei skulle promotere sin nyaste iPhone.

Kulare blir det ikkje! Og no kjem dei altså til Uskedalen for å vise korleis skikkeleg indie-elektronika både høyres og ser ut. Det blir eit forrykande show som alle må få med seg.

Lemaitre går på scena laurdag 2.august.

**Tekst og foto: Festidalen**